



EIDANGER JEGER OG FISKERLAG

Stiftet 4. desember 1950

Org.nr: 992 721 626



Referat styremøte EJFL den 8. januar 2025 kl 17.00

Sted: Lillegårdseter
Til stede: Aina, Christoffer, Rune, Tommy, Trond
Forfall: Alf Einar
Referent: Aina S. Leines

Sak nr.	Saker til behandling:	Ansv.	Frist
	Saksliste: - Tiltak for å auka aktiviteten på rådyrjakt - Økonomi - Runde rundt bordet		
1/25	<u>Tiltak for å auke aktiviteten på rådyrjakt:</u> Jaktkort + dagsleie Forslag: I EJFL 550,- pr dag inkl rådyr så lenge det er rådyr		
2/25	<u>Økonomi:</u> På konto 821.466 pr 8/1		
3/25	<u>Runde rundt bordet:</u> <u>Trond:</u> Kommunikasjon innad i foreninga er kanskje ikkje heilt på topp og ein idé er å kalle inn utvalsleiarar til styremøte. Dette for å få dei meir inn i loopen og prøve å skape litt meir engasjement i foreninga. Desse vil få møterett, men ikkje møteplikt. Rune og Trond har overlevert nokre namn til valkomiteen med forslag til styremedlemmar sidan 3 styremedlemmar har valgt å gå ut av styret dei siste 2 månadane. Desse er det eventuelt valkomiteen som innstiller. Forslag om å kjøpe pc og skriver tilknytta verv i styret og dette blei einstemmig vedtatt. Ønske om at alle i styret er admin i dei ulike facebookgruppene for lettare å dele viktig info. Også ønske om å oppdatere heimesida til foreninga. Desse ønska vil det ikkje bli gjort noko med før det nye styret er på plass <u>Rune:</u> Pris på bjørnebannen er 192.000, - og foreningen manglar 30.000, -. 50.000 kjem inn frå B&G som då kjem til å gå inn i dette.		

	Den 24.5 skal Jan Tore Nalum, som er regionsinstruktør i Viltnemda, ha jaktskytedag på Lillegårdseter. Foreninga ønsker å invitere fleire viltnemder til dette. <u>Tommy:</u> Grunna nye krypteringsregler må foreninga skaffe nye kortterminalar. Tommy har fått prisar på dette der vedkommande anbefalar å leige desse for kr 165,- i mnd. <u>Rune:</u> Sidan nestleiar har valgt å slutte i styret, vil arbeidsoppgåve hans bli fordelt på dei resterande styremedlemmane. Trond og Christoffer vil samarbeide om oppgåver som omhandlar Skytterforbundet og diverse søknadar, mens Aina skal ha ansvaret for mail. Christoffer: Må sjå litt på dei ulike vaktlaga sidan tre personer er vekke. Petter Strand frå Jaktutvalet informerte over tlf at kontrakt på jaktterrenget i Fyresdal har gått ut. Han har fått nytt tilbud på kr 4,- pr mål. Jakterrenget i Nissedal går ut til neste år, men Petter regner med at her kjem det nok berre ein generell prisstigning. Petter skal snakke med grunneigar og kome til ein einigheit.		

Møtet ferdig: 20:05

